

Referat frå årsmøte NFL, 23. april 2015

Til stades: 13 medlemmer inkludert styret.

Leiar starta med å beklaga på vegne av NFL at sakspapira var kome ut seint pga. sjukemelding i styret.

1. Val av møteleiar og referent.

Møteleiar: Bjørn Aksdal
Referent: Sveinung Søyland Moen

2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste godkjend utan merknadar.

3. Årsmelding for 2014

Styret gjekk gjennom årsmeldinga. Det vart noko diskusjon rundt rekrutteringa til NFL og seminaret. Årsmøtet meinte ein burde satsa meir mot studentar, særleg masterstudentar, og arbeida med å verta meir synlege, samt vektlegga det faglege fokuset til laget. Det vart òg nemn at laget er ein viktig møtestad mellom akademia og grasrota i miljøet.

Årsmeldinga godkjend med mindre språklege endringar. Styret tar med seg innspela frå årsmøtet i det vidare arbeidet.

4. Regnskap for 2014

Styreleiar presenterte rekneskapen for 2014, og informerte om uavklart situasjon med omsyn til sekretærenestane i laget. Rekneskapen var difor ført noko annleis enn tidlegare. I 2013 hadde laget særleg stor eigenkapital, noko som skuldast avsette midlar til dekorskriftet. Styret har òg redusert eigenkapitalen noko. Dette då det ikkje er laget si oppgåve å spara opp midlar, men ha mål om at driftsrekneskapen skal gå i null kvart år. Det vart elles informert om at utgiftene til laget er noko høge, og at styret arbeider for å endra situasjonen. Løysingar for sekretærenestane og den økonomiske situasjonen skal avklarast i løpet av 2015.

Rekneskapen for 2014 vart godkjend utan merknadar.

5. Arbeidsprogram 2015-2016

Styreleiar gjekk gjennom forslag til arbeidsprogram. Årsmøtet kom med nokre gode tips til vidare arbeid som styret noterte seg. Mellom anna vart det påpeika at ein burde samarbeida tettare med utdanningsinstitusjonane og potensielle ambassadørar for laget. Det vart likevel ikkje foreslått nokre endringar, og styret sitt forslag til arbeidsprogram vart vedtatt.

6. Budsjett for 2015

Styreliaar presenterte forslag til budsjett for 2015. Årsmøtet oppmoda styret til å sjå på mogleg effektivisering av drifta i laget. Styret noterte seg innspela og forslaget til budsjett vart vedtatt utan endringar.

7. Årskontingent

Årsmøtet vedtok å vidareføra kontingenten på same nivå som i 2014.

8. Val til styret og valkomiteen

Styreliaar presenterte innstillinga frå valkomiteen. Etter årsmøtet sit følgjande i styret til NFL:

Bjørn Aksdal (leiar, til 2016)
Maj Vester Larsen (styremedlem, til 2016)
Per Åsmund Omholt (styremedlem, til 2017)
Sveinung Søyland Moen (styremedlem, til 2016)
Anne Svånaug Blengsdalen (styremedlem, til 2017)

Leif Ingvar Ranøien (varamedlem, til 2016)
Anna Gjendem (varamedlem, til 2016)

Årsmøtet valde òg ny valkomité:

Halldis Folkedal (til 2016)
Kari Lønnestad (til 2016)

Kari Lønnestad vart foreslått under årsmøtet. Ho var ikkje til stades og måtte spørjast i etterkant. Håkon Asheim vart difor vald som reserve for Kari Lønnestad om ho skulle seia nei.

Val av revisor:

Ola Graff (til 2016)

9. Seminar og årsmøte 2016

Styret oppmoda årsmøtet til idémyldring rundt tema og stad for seminar og årsmøtet 2016. Det kom mykje gode idear, og styret tok desse med seg inn i det vidare arbeidet.